



DEN NORSKE KYRKJA  
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

**MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELE FELLESRÅD**  
**10.03.2021 kl. 16.00 - kl. 18.30 i Møtelokala ved Hjelmeland kyrkjekontor.**

**Til stades:** Terje Thornquist, Lena Sofie Lundberg, Olav Frantzen, Solgunn L Asprusten, Hilde Smith og Reidunn Ferstad (sekretær)

**Forfall:** Magnhild Meltveit Kleppa, Kristin Kostøl Helgaland, Sigrunn H. Arnesen

**Møtande varamedlemmar:** Sigrid Sigmundstad (ingen frå kommunen kunne møte)

**00/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak.** Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste.

**00/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 27. JANUAR 2021**

**Vedtak:** Fellesrådet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27. januar 2021.

**SAK 05/21**

---

**ORIENTERINGAR**

**Vedtak:**

Status strakstiltak etter statusrapportane: Rekkverk på galleriet i Hjelmeland kyrkje:  
Alternativ med å dreie nye spiler med tilstrekkeleg høgde som monterast tett nok er eit godt alternativ.

Orienterings- og referatsakene vert tekne til orientering.

Sakene vert fylgt opp av kyrkjeverje.

**SAK 06/21**

---

**REKNESKAP OG REVISJON 2020**

Revisjonsrapportane kom same dag og vart delt ut på møtet

**Vedtak:**

Rekneskap og revisjonsrapportar for 2020 vart godkjent som det låg føre.

**SAK 07/21**

---

**Disponering av overskot 2020**

**Forslag frå Olav Frantzen:**

Sidan ein står over for store vedlikehaldsoppgåver på kyrkjene, bør overskotet delast mellom disposisjonsfond vedlikehald konto 25990003 med kr 300 000 og resten kr. 299 564 til disposisjonsfond drift konto 25990002

**Vedtak**

Olav Frantzen sit forslag ble einstemmig vedteke.

---

## **SAK 08/21**

---

### **Årsmelding 2020**

#### **Vedtak**

Årsmelding for fellesrådet 2020 vart vedtatt etter retting av skrivefeil

## **SAK 09/21**

---

### **Handtering av gravminne som ikkje lenger er i bruk**

#### **Vedtak:**

Gravminne som ikkje lenger er i bruk vert oppbevart utan at namn og dato er synleg til dei vert sendt til Ivar Ryfylke Renovasjon for knusing.

## **SAK 10/21**

---

### **Kommunestyremøte 14. april, Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd ved leiar er invitert.**

#### **Vedtak:**

Leiar av fellesrådet forbereder innlegg på ca. 20 minuttar slik at det kan bli tid til nokre spørsmål.

Soknerådsleiarane, sokneprest og kyrkjeverje vert presentert og møter forberedt på å kunne svare på spørsmål frå kommunestyret.

## **SAK 11/21**

---

### **YMSE**

#### **Sak 1 under ymse**

##### **Kjøp eller leasing av kopimaskin til Hjelmeland kyrkjekontor.**

Prisar for leasing og kjøp frå Magnar Eikeland og innkjøpsavtalen for Hjelmeland komme vart lagt fram på møtet.

#### **Vedtak:**

Hjelmeland kyrkjekontor leaser kopimaskin som har dei funksjonane som trengs for drift av kyrkjekontoret gjennom tenesteavtalen med Hjelmeland kommune

#### **Sak 2 under ymse:**

##### **Dagleg leiar/sekretær for sokneråda, sokneprest og kyrkjeverje.**

#### **Vedtak:**

Kyrkjeverje undersøker oppgåvene til daglege leiar i sokna og sekretærfunksjon ved kyrkjekontoret i Strand og Suldal.

Sak om oppretting av sekretær ved kyrkjekontoret i kombinasjon med prostesekretær som sak på eit møte seinare i 2021.

---

Hjelmeland, 12.03.2021

Terje Thornquist

Leiar

Reidunn Ferstad  
kyrkjeverje